

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

Dato: Onsdag 17 jan. 2018
Stad: FNF sine lokaler i Molde
Kl: 1200 - 1530

Sakliste

Inviterte; May Britt Haukås (SF), Åsa Fredly (NJFF), Ola Fremo (FNR), Åsmund Steen (ÅST), Øystein Folden (NAT).

Sak 1.18 Godkjenne referat frå styremøte 3 og 27 okt. 2017

Vedtak:

Styret godkjenner referatet frå møta 3 okt. og 27 okt. 2017.

Sak 2.18 Årsmøtet FNF 2018

Vedtak:

Årsmøtet i FNF for 2018 vart satt i Molde måndag 5 mars kl 1830-2100. Det er krav om 4 veker varsel. Vedtektsendring må førast opp som sak, jf. eiga sak. Forslaget til nye vedtekter må leggest ved no. Dei øvrige saksdokumenta blir ettersendt så snart dei er klare.

Styremøte til FNF tysdag 6 feb. kl 1030. Til då treng vi rekneskapen for 2017 (ansvar Øystein), forslag til årsmelding (ansvar Ingbjørn), forslag til handlingsplan (ansvar Ingbjørn). Til handlingsplan var det ønskje frå Øystein om styrking av arbeidet med arealsaker.

Sak 3.18 Vedtektsendring

Vedtak:

Det har kome krav om at alle fylkes FNF skal ha likev vedtekter.


FNF Møre og Romsdal ber årsmøtet gjere følgjande vedtak:

Dei vedlagde vedtektene blir vedtatt gjeldande, til erstatning for vedtektene som sist er endra i ekstraordinært årsmøte den

Sak 4.18 Rekneskapet for 2017 – driftstilskot

Vedtak:

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal
Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE
Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no
orgnr 916451954 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

FNF Møre og Romsdal beklager at vi ikkje får driftstilskot for 2017. Vi ber FNF sentralt om å få ein oversikt over midlar fram og tilbake mellom FNF sentral og FNF Møre og Romsdal for åra 2015-2017. Dette gjeld både transaksjonar og eventuelle krav.

Sak 5.18 Styreinstruks

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal lagar ein styreinstruks i løpet av 2018 og legg denne fram for årsmøtet 2019. Vi ser for oss ei kraftig forenkling i høve til den styreinstruksen for det nasjonale FNF.

Sak 6.18 Rådgevande utval (RU) for Dovrefjell

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal ser at turistforeningane er godt representert og står på vårt vedtak av 3 okt. 2017, «*Vårt forslag til medlem er Naturvernforbundet i Møre og Romsdal ved Øystein Folden.*» om at Naturvernforbundet bør bli representert i det rådgevande utvalet for Dovrefjell.

Sak 7.18 Kloppe-samling hausten 2018

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal etablerer ei arbeidsgruppe som arbeider med kloppar/stiar med koordinatoren som sekretariat. FNF prøver å skaffe midlar til dette. Styret gir koordinatoren fullmakt i samarbeid med FNR å invitere inn ressurspersonar til arbeidsgruppa og arbeide vidare med saka.

Sak 8.18 Sjikanøse stengsel


Vedtak:

FNF Møre og Romsdal lager ei pressemelding vedrørende sjikanøse stengsel og manglande svar frå kommunane på førespurnader om friluftsløva og allemannsretten. I pressemeldinga vil det også gå fram at manglande svar er brot på forvaltningslova.

Sak 9.18 Folkehelsealliansen

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal spør fylkeskommunen om arbeidet med God-helse sett i høve til ein eventuell etablering av ein folkehelseallianse som det funkar i Nordland.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Sak 10.18 Høyring retningslinjer for motorisert ferdsel i Nesset

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal sender ein uttale til revideringa av retningslinjene for motorisert ferdsel i Nesset.

Referat og muntlege orienteringar

- A Spelemidlar og naturmangfoldslova**
- B Ny veg over Ørskogfjellet**
- C Skjergardsteneste i Møre og Romsdal**
- D Sjøområdeplan for Nordmøre**
- E Aktivportalen**

Åsa Fredly
Styreleiar

Ingbjørn Bredeli
FNF-kordinator